

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak kommunalteknikk, miljø, landbruk	29.05.2007	JHB	217/07

Avgjerd av: Kommunalsjef Saksbeh.: Jens H. Bjordal	Ansv. JHB	Arkiv: GBNR- 40/5, N-546.5 Objekt:	Arkivsaknr 07/981
---	---------------------	--	-----------------------------

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - OPPARBEIDING AV FELLES KLOAKKRENSEANLEGG PÅ ESPETVEIT, GNR 40.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	U	11.05.2007	Tor Oscar Maaseide	SØKNAD OM ANSVARSRETT KONTROLLPLAN.
1	I	11.05.2007	Tor Oscar Maaseide	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - OPPARBEIDING AV FELLES KLOAKKRENSEANLEGG PÅ ESPETVEIT, GNR 40.
2	I	15.05.2007	Ragny Maaseide	SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE.
4	I	22.05.2007	Stendal VVS AS	SENTRAL GODKJENNING.
5	U	25.05.2007	Tor Oscar Maaseide	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL ENKLE TILTAK PÅ GNR 40, BNR 5.

Eigedom: 40 / 5 / /

Byggjeplass: Espetveit

Tiltakshavar: Espetvedt Gård v/Tor Oscar Maaseide

Ansvarleg søkjar: Tor Oscar Maaseide

Planstatus: LNF-område

Tekniske anlegg: Kloakkrenseanlegg m/ledningsnett.

Søknad om: Utsleppsløyve samt bygging av anlegg.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 22.05.07 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av kloakkrensaneanlegg m/ledningsnett på gnr. 40 bnr. 5 på Espetveit.

Nabovarsel er sendt. Ingen merknader er motteke.

Naudsynte søknader om ansvarsrettar ligg føre.

I samband med ombygging av låve til delvis bruk som husvære er det krav om minirensaneanlegg. I tillegg er det mange omkringliggjande eigedomar som i dag ikkje har tilfredstillande avlauputslepp.

Søkjjar har derfor søkt om å byggje eit større felles minirensaneanlegg som kan dekke alle aktuelle eigedomar som i dag har avrenning i dette området. Søknaden om utslepp gjeld likevel berre for gnr. 40 bnr. 5 og gnr. 40 bnr. 38.

Dei andre eigedomane som kan knytast til er:

Gnr. 40 bnr. 1, Gnr. 40 bnr. 4 (2 einingar), gnr. 40 bnr. 8, gnr. 40 bnr. 24, gnr. 40 bnr. 33, gnr. 40 bnr. 9 og gnr. 40 bnr. 15 (hytte). I tillegg ligg gnr. 40 bnr. 30 innafor området, men denne eigedomen har tidlegare fått godkjent eige minirensaneanlegg.

Avrenning frå minirensaneanlegget vil gå mot Espetveittjørna og vidare til sjøen ved Grasdalsjøen.

Vurdering:

Omsøkt rensaneanlegg for avlaup er godkjent for 29-53 pe. Dette skulle vera stort nok til å kunne ta imot avlaupsvatn for alle aktuelle eigedomar som naturleg har avrenning til dette anlegget slik det nå er plassert.

Det er nå berre søkt om utslepp til anlegget frå gnr. 40 bnr. 5 og bnr. 38 dvs. for i alt 6 tilkoplingar dvs. om lag 12 PE og 18 personar.

Utsleppet det er søkt om ligg såleis under den grense på 15 PE som set andre krav til godkjenningsprosedyre. m. m.

Resipienten som avlaupet vil gå til har nå avrenning frå dei same eigedomane, men med lite og dårleg reinsing (Slamavskiljar til terreng). Dette omsøkte anlegget vil såleis gi ein vesentleg mindre ureiningsmessig belastning til resipienten.

Det er inngått sørvisavtale om drift/vedlikehald med leverandør.

Slam må leverast til godkjent mottak.

Gravearbeidet skal utførast av tiltakshavar som har naudsynt kompetanse for slikt arbeid.

Røyrleggingsarbeidet skal utførast av Stendal VVS AS som har sentral godkjenning.

Etter at anlegget er montert og tatt i bruk, vil kommunen vurdere å pålegge dei andre eigedomane i området til å knyte seg til anlegget.

VEDTAK:

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 93a løyve til bygging på gnr. 40 bnr. 5 av kloakkrensaneanlegg og leidningsnett i samsvar med søknad stempla motteke 22.05.07.

I samsvar med prg. 4 i forskrift for mindre avlaupsanlegg til ureiningslova vert det og gitt utsleppsløyve for inntil 15 PE med rensing gjennom godkjent minirensanlegg i klasse 1 og med avrenning mot Espetveittjørna.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 22.05.07..

Anlegget skal driftast i samsvar med inngått sørvisavtale frå leverandør.

Slam skal leverast til godkjent mottak. Kommunen kan krevje dokumentasjon for slik leveranse.

Kommunen kan pålegge andre eigedomar å knyte seg til anlegget. Avtale mellom eigar og nye brukarar må då inngåast.

Dersom andre enn omsøkt vert knytt til anlegget må dette meldast til kommunen slik at utsleppsløyve for desse kan bli gitt.

Kommunen kan føre tilsyn med anlegget og be om dokumentasjon på renseseffekten for anlegget..

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrett vert godkjend slik som omsøkt, jf pbl kap XVI om ansvar og kontroll m m, forskrift om føretak for ansvarsrett.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Espetvedt Gård v/Tor Oscar Maaseide
Ragny Maaseide
Tor Oscar Maaseide